



Andrea stilte med ein heil kvartett

Den folkekjære nordirske artisten Andrea Rice hevda at ho i kveld heldt konsert nummer 10 på Dønhaug. Men vi tillet oss å retta henne for arklivet fortel at dette var nummer 13!

Og det talet fortel meir en noko anna om eit tett tilhøve mellom artist og vertskap, som stadig har vorte utdjupa gjennom åra. Denne gongen vart det understreka då Magne Huglen fekk ein liter irsk cider av Andrea og han kvitterte i eit kjempeavslutningsnummer.

Førre konsert vart avvikla like etter terrorårtaket og då på ein dyster bakgrunn. Denne konserten var desto muntrare og prega av mest skjemt som i stor grad vart presentert muntleg, for Andrea er og ein god forteljar. I så måte er ho og supplert av ektemann og bassist Fee Dobbin som er ein meister til å skyta inn replikkar. Men ho er ikkje sein til å kvittera.

Denne gongen hadde ho også med seg to flinke jenter, Susan Guney på fele og Martha Guiney på fløyte og dei 50 frammøtte hadde ein stor kveld i selskap med den rikhaldige irske songskatt og tradisjon. Den vert vi vissst aldri lei her i landet heller-

Bemanningen på 4 gav ei sterkare oppleving enn vanleg sjølv om bandleiaren sjølv har ein dominerande posisjon med si kraftige og suggererande røyst. Men ho kan og vera lyrisk og varm - særleg når ho tek fram citaren og sendar ut dei andre. I alle høve er ho ein triveleg artist som tydelegvis trivs hos oss.

Tekst og foto. Ola Matti Mathisen



Magne Huglen vart takka med irsk cider